

Det kongelige barne- og familiedepartementet
Familie-, barnehage- og likestillingsavdelingen
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

330.00	
1	
NETTO	REG.
2004/04169	



GOL KOMMUNE

- 206

Arkivkode	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
A10 &13	05/00005 - 002 - WEOL		07.01.05

HØYRINGUTTALE PÅ NY BARNEHAGELOV FRÅ SU GOL BARNEHAGE

Samarbeidsutvalet i Gol barnehage i Gol kommune har handsama høyringsnotatet på møte 06. januar 2005, og kjem med følgjande uttale:

Kap. II Barns og foreldres medverknad

§ 3: Samarbeidsutvalet foreslår følgjande omgjerung av pkt. 1 i lovteksten:

Dei vaksne har ansvar for at barn får gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd.

Begrunning: Det er viktig å framheve dei vaksne sitt ansvar for å leggje til rette for barns medverknad. Bl.a. gjennom samtaler og samvær med barna skaffar dei vaksne seg kunnskap om barna sitt syn på barnehagens daglege verksemd.

Samarbeidsutvalet støttar dei to andre punkta.

Kap. IV Barnehagemyndighetens generelle oppgåver mv.

§ 10: Samarbeidsutvalet krev å oppretthalde dagens veiledande arealnorm

Begrunning: Det er viktig med klare minstekrav på arealet, fordi god fysisk plass skapar mindre konflikthar blant barna og betre miljø for både barn og vaksne. Dette gjeld både inne og ute.

Kap. V Personalet:

§ 18: Samarbeidsutvalet støttar alternativ B der styraren har utdanning som førskulelærer mv.

Begrunning: Styraren skal vere både fagleg leiar og personalleiar, som skal gje støtte og vere pådrivar for dei øvrige tilsette.

§ 19: Samarbeidsutvalet støttar alternativ A, men ønskjer at norm om pedagogtettleik vidareferas i lovteksten.

Begrunning: Alternativ A er det einaste aktuelle alternativet. Alt. B gjer ikkje forskjell på barn over og under 3 år, alt. C er ikkje tydeleg på verken utdanning eller størrelsen på barnegruppa, og alt. D seier ikkje noko konkret. Førskulelæruddanninga er i dag den einaste utdanninga som er retta direkte mot barnehage.

Førskulelæruddanna tilsette gir ein tryggleik til foreldra om at barnehagen er ein pedagogisk verksemd med læring og utvikling til barnas beste.

Gjeld både § 18 og §19:

Kommunen bør kun få høve til å innvilge midlartidige dispensasjonar frå utdanningskravet.

Samarbeidsutvalet støttar for øvrig dei andre endringane som er foreslått.

05000154 br2 dok 002 side 1



Samarbeidsutvalet i Gol barnehage er eit utval for heile Gol kommune sin barnehageverksemd, og er såleis organ for alle foreldre som har barn i kommunal barnehage – ein barnehage med 5 barnehagebygningar.

Ver venleg å oppgi vår referanse ved kontakt pr. brev eller telefon.

Med helsing

Wenche D.M. Fløysand

Wenche D. M. Fløysand

Leiar i SU Gol barnehage/foreldrerepresentant

Wenche E. Olsen

Wenche E. Olsen

styrar Gol barnehage

Kopi til: Utval for kultur og levekår, her